

Sunnfjord vassområde

AKTIVITETSPLAN FOR SUNNFJORD VASSOMRÅDE 2016

Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion vart vedteke av Fylkestinga i Sogn og Fjordane og tilgrensande fylke i desember 2015, saman med vassforvaltningsplan. Begge dokumenta gjeld for 6-årsperioden 2016 – 2021.

Kort oppsummert er styresmaktene pålagt følgjande oppgåver etter vassforskrifta:

- **Gjennomføre tiltak** etter tiltaksprogrammet innan 2021
Vedtatt om gjennomføring av enkelttiltak som inngår i tiltaksprogrammet treffast av ansvarleg styresmakt etter relevant lovverk. Tiltaka skal vere operative (vedtatt og finansiert) seinast tre år etter av tiltaksprogrammet er vedtatt, det vil seie seinast i desember 2018. Kommunane er styresmakt for mellom anna spreidde mindre avløp og landbruksavrenning. Dei fleste av tiltaka innanfor desse påverknadene er problemkartlegging / kunnskapsinnhenting med formål å skaffe kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med å finne tiltak som reduserer ulempene frå påverknaden (avbøtande tiltak).
- **Revidere tiltaksprogrammet** for neste 6-årsperiode (2022 – 2027)
Avbøtande tiltak som ikkje blir gjennomført før 2022 skal inngår i revidert tiltaksprogram for perioden 2022 – 2021. I revideringa inngår også å oppdatere opplysningar om påverknader i vassførekomstane.

Prosjektgruppa for Sunnfjord vassområde har utarbeidd framlegg til aktivitetsplan for Sunnfjord vassområde i 2016, som støtte til kommunane sin gjennomføring av oppgåvene over.

Overvaking

På bakgrunn av tiltaksprogrammet, vassførekomstar i risiko, påverkader som kommunane er styresmakt for (hovudsakeleg landbruk og avløp), og eksisterande kunnskapsgrunnlag, er det sett saman ein plan for overvaking i 2016.

Vassprøver 4 gonger (vår, førsommar, ettersommar, haust). Kommunane syt for sjølve prøvetakinga i felt for eigen kostnad. Analysekostnadene vert dekkja av prosjektmidlar som vassområdet disponerer (finansiert av fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane). Fylkeskommunen vil hente inn pris på rammeavtale med laboratorium. Prisane nedanfor er overslag basert på einingsprisar frå tidlegare avtalar med laboratorium. Totalsummen er 204 100. Det er budsjettet med 300 000 for å ta høgde for endringar i prisar, tillegg for rapportering og liknande.



Sunnfjord vassområde

Kommune	Tal vass- førekostar	Tal prøvepunkt 4 prøver/år	Tal prøvepunkt 1 prøve/år	Prisoverslag 2016
Askvoll	7	6	12	25 200
Fjaler	6	8	2	23 800
Flora	8	11	12	39 200
Førde	11	17	3	49 700
Gaular	5	5		14 000
Jølster	4	4		11 200
Naustdal	6	6	6	21 000
Sum	50	62		204 100

Biologisk prøvetaking (fastvoksende algar eller botndyr). Undersøking ved konsulent. Prisoverslag basert på erfaringstal.

Kommune	Tal vass- førekostar	Sum tal prøvepunkt	Prisoverslag 2016
Jølster	2	2	20 000

Synfaringar


Det vil bli gjennomført synfaring/bekkevandringar for visuell vurdering av tilstand, samt lokalisering av problemkjelder. Deltakarane vil variere avhengig av påverknader i den aktuelle vassførekosten. I tillegg til kommunar (administrativt og politikarar) og prosjektleiar er det aktuelt med deltaking frå fylkesmannen, sektorstyresmakter og medlemar i referansegruppa. Førebels ligg det an til å bli 4 dagar med synfaring i 2016, men dette kan bli endra på fagleg grunnlag. Kostnad vert inntil 5 000 kr pr dag (evt møtelokale, mat osv).

Referansegruppe

Prosjektleiar vil invitere lag og organisasjonar, verksemder m.m. til ei referansegruppe, etter innspel frå kommunane. Referansegruppa skal være talerør for de respektive interessene som for eksempel friluftsliv, reiseliv, energiproduksjon, landbruk, fiske, naturvern med meir. Referansegruppa kan inviterast med på synfaringar og i temagrupper. I invitasjonen blir det oppmoda om å svare om ein godtar eller avslår invitasjonen. Dei som ikkje svarer innan ein gjeven frist blir strokne frå lista.

Temagrupper

I løp av prosessen med å skaffe betre kunnskapsgrunnlag og deretter utgreie tiltak, er det planar om å nedsette temagrupper innanfor problemområde som landbruk, avløp, fysiske inngrep i elvar (forbyggingar, utretting av elveløp) m.m. Medlemar i temagruppene kan inviterast frå vassområdeutvalet, kommunane, Fyllkesmannen og referansegruppa. Fyrste møte for temagruppe landbruk og avløp bør vere våren 2016. Temagruppene kan då vurdere gruppene sin storleik og samansetnad.



Sunnfjord vassområde

Kunnskapsinnhenting - fysiske endringar i elvar

Forbygging eller erososjonssikring av elv kan øydelegge den varierte elvekanten. Sideløp og flaumløp kan verte avstengte. Sideløpa kan vere viktige oppvekstområde for fisk. I samband med landbruk og anna aktivitet er mange elver vorte retta ut (kanalisert). Elvestrengar vert kortare. Kanalisering fører til endra hydrologisk regime med m.a. raskare gjennomstrøyming av vatnet. Ofte vert kanalen meir homogen og fisken får færre plassar til å skjule seg. Kulpar for større fisk forsvinn.

Mange av elvane i Sunnfjord vassområde er påverka av flomverk, forbygging eller fysisk endring av elveløp (påverknadsgrad middels, stor eller ukjent). Dette medfør krav om tiltak, anten tiltak i form av kunnskapsinnhenting for nærare å vurdere påverknadsgraden, eller biotoptiltak ved utplassering av steinar, buner, opning av sideløp, utlegging av gytegrus eller liknande. Endringar av sjølve forbygginga er mindre aktuelt der forbyggingane har ei viktig funksjon som flaumvern.

I mange elvar er påverknadsgraden frå fysiske inngrep vurdert ut frå kor lang del av elva som er forbygd eller endra. Det seier seg sjølv at dette er ein generalisering, som ikkje tar omsyn til at forbyggingar kan vere utforma på svært ulike måtar. Det er difor naudsynt å kartlegge tilstanden i desse elvane, og då særleg gyte-, oppvekst og fødetilhøva for fisk. Det er naturleg at kartlegginga vert finansiert med vassområdet sine prosjektmiddel. Kartlegginga må for ein stor del basere seg på innleigde konsulenttenestar. Resultata av kartleggingane kan bli framlegg til avbøtande tiltak i somme elvar, men også at andre elvar blir «friskmeldte», dvs at den fysiske påverknaden viser seg å vere liten eller uvesentleg, slik at det ikkje er trong for avbøtande tiltak. Det forbeta kunnskapsgrunnlaget som kjem ut av dette vil bidra ved revidering av tiltaksprogrammet for 2022 – 2027. Frist for oppdatering av påverknader er sett nasjonalt til 01.07.2018. Kartlegginga bør difor starte opp i 2016, og det er lagt inn kr 500 000 til dette i budsjett.

Kunnskapsinnhenting – kommunale vegar som vandringshinder

Det er registrert fleire vandringshinder for fisk i Sogn og Fjordane i samband med veg. Undersøkingar av dette er presenterte i rapportar frå 1999 og 2012 (Uni miljø 2000; NIVA 2012; Uni Miljø 2013). Dette dreia seg hovudsakeleg om fylkesvegar og riksvegar. Det er behov for ei betre oversikt over kommunale vegar som fungere som vandringshinder. Kommunane som vegstyresmakt bør ha kunnskap om dette og spele inn påverknadsgrad til tiltaksprogrammet innan 01.07.2018 (nasjonal frist). Det er difor lagt inn kr 300 000 for kjøp av konsulentteneste i budsjettet for 2016.